



## MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	12.3.2024
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannesen, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Leiv Rossehaug, Kjell Gunnar Nymark, Lars Severin Reiersen, Lars Edvart Larsen Rikard Stokkenes, Sigrun Lønning Solvang (for Arild Stensland)  Andre som møtte: Bent Rune Sinnes (leiar av SR 2019-2023) Rita Holmedal
Fråvær:	Astrid Furdal, Arild Stensland, Sigrun Brestig
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Møtet starta med ord for dagen ved prestevikar Sigrun Lønning Solvang

SR 35/24	<p><b>Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden</b></p> <p>Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen</p> <p>Følgjande saker får ei endring: Sakene 39 og 41 blir handsama tidlegare i møtet, men har same plass i referatet som i møteinkallinga.</p> <p><b>Vedtak:</b> Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt til eventuelt, blir handsama under sak 43/24.</p>																
SR 36/24	<p><b>Godkjenning av referat frå møtet 6.2.24</b></p> <p>Viser til tidlegare utsendt møtebok/referat frå møtet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Referat frå møtet 6.2.24 blei godkjent.</p>																
SR 37/24	<p><b>Gudstenester sidan sist (orientering)</b></p> <table border="1"><thead><tr><th></th><th>Prest</th><th>Kyrkjevertgr</th><th>Kommentar</th></tr></thead><tbody><tr><td>18.febr</td><td></td><td>Kjell G</td><td>Lys vaken-arr og mykje folk. Kyrkjekaffe på soknehuset.</td></tr><tr><td>11.febr</td><td></td><td>Richard</td><td>Mykje snø, men greitt oppmøte. Morsdag og følgjeleg ikkje kyrkjekaffe.</td></tr><tr><td>10.mars</td><td>Sigrun</td><td>Bente</td><td>Kyrkjekaffe i kyrkja. Fungerer fint å vera i kyrkja når det er «vanleg» gudsteneste.</td></tr></tbody></table>		Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar	18.febr		Kjell G	Lys vaken-arr og mykje folk. Kyrkjekaffe på soknehuset.	11.febr		Richard	Mykje snø, men greitt oppmøte. Morsdag og følgjeleg ikkje kyrkjekaffe.	10.mars	Sigrun	Bente	Kyrkjekaffe i kyrkja. Fungerer fint å vera i kyrkja når det er «vanleg» gudsteneste.
	Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar														
18.febr		Kjell G	Lys vaken-arr og mykje folk. Kyrkjekaffe på soknehuset.														
11.febr		Richard	Mykje snø, men greitt oppmøte. Morsdag og følgjeleg ikkje kyrkjekaffe.														
10.mars	Sigrun	Bente	Kyrkjekaffe i kyrkja. Fungerer fint å vera i kyrkja når det er «vanleg» gudsteneste.														
SR 38/24	<p><b>Møte i utvala sidan førra møte (orientering)</b></p> <p><b>Diakoni/ «Song og kaffe»:</b> Prøveperiode med fire arrangement i vår. Kan vera aktuelt å søkja midlar til arrangementa frå «Den kulturelle spaserstokken», Sparebankstiftinga og Gjensidigestiftelsen.</p> <p><b>Trusopplæring:</b> Etter skuletid, påskeleir, klubbar. Godt oppmøte på alt.</p>																

SR 39/24	<p><b>Sak frå diakoniutvalet om diakonstillingar</b></p> <p>Frå møteinkallinga: «Soknerådet har blitt presentert saka i SR 04 av Sigrun Breistig via Diakoniutvalet. Det vart framlagt eit dokument: «Prosjektbeskrivelse Besøkstjeneste for vår tid» - dette ligg vedlagt i innkallinga»</p> <p>To ulike forslag for løysing av diakonistilling blei såleis presentert:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Å starta med prosjektet i 2024 med to stillingar som kvar er på 20%</li> <li>2. Å venta til neste år med utlysing av diakonistillinga og sjå om det kan vera muleg å lysa ut 100% stilling som blir sett saman av 60% til trusopplæring og 40% til diakoni.</li> </ol> <p>Bent Rune Sinnes presenterte alternativ 1 og Sigrun Lønning Solvang presenterte alternativ 2.</p> <p>I drøftinga etter presentasjon av dei to alternativa vart det spesielt påpeika at det vil vera krevjande å ha ei 100 % stilling som krev så ulik kompetanse.</p> <p>Saka gjekk til avstemming:</p> <p>Alternativ 1:10 Alternativ 2:1</p> <p>Varamedlemmene deltok i avstemminga.</p> <p><b>Vedtak:</b> Sveio sokneråd vil at alternativ 1 skal gjerast gjeldande med omsyn til diakonistilling.</p>
SR 40/24	<p><b>Søknad om konsert i Sveio kyrkje - St. Paul-koret</b></p> <p><b>Bakgrunn:</b> St. Paul-koret søker om å ha ein konsert i Sveio kyrkje søndag den 09. juni 2024 kl. 18:00.</p> <p>Kyrkjeverje i kombinasjon med kantorar kan vurdera denne type søknader. Om desse er i tvil, går søknaden til soknerådet. Det er laga retningslinjer for leige av kyrkja til denne type arrangement.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Soknerådet godkjenner søknad frå St. Paul-koret om å ha konsert i Sveio kyrkje. Føresetnaden er at konsertarrangøren følgjer retningslinene (som må sendast arrangøren) for bruk av kyrkja.</p>
SR 41/24	<p><b>Planlegging av årsmøte med årsmelding og rekneskap for 2023 og budsjett 2024</b></p> <p>Saka blei handsama i starten av møtet. Kyrkjeverje Rita Holmedal presenterte rekneskap og budsjett. Bent Rune Sinnes (leiar av førre sokneråd) var med under handsaming av denne saka sidan årsmelding og rekneskap i all hovudsak gjeld førre soknerådet. Han deltok også for å</p>

	<p>overføra erfaringar og kunnskap om førebuing og gjennomføring av årsmøte.</p> <p>Dei ulike dokumenta som skal leggjast fram på årsmøtet, var ettersendt før møtedag.</p> <p>Nytt sokneråd hadde trøng for ein del avklaringar (opplæring) i tilknyting til budsjett/rekneskap, m.a. kom det fram at tiltak i regi av diakoniutvalet skal dekkast over budsjettet til soknerådet.</p> <p>Forslag til årsmelding og budsjett blei i møtet gitt nokre få endringar som skal rettast opp til årsmøtet.</p> <p>Ny dato for årsmøtet: 14.april Kyrkjekontoret syter for annonsering.</p> <p><b>Vedtak:</b> Rekneskap 2023, budsjett 2024 og årsmelding 2023 blir lagt fram på årsmøtet etter mindre endringar (blir retta opp av kyrkjeveje og tidlegare leiar i soknerådet) som kom fram i møtet.</p>
SR 42/24	<p><b>Fasteaksjon 2024</b></p> <p>Bakgrunn: Også i år skal konfirmantane våre delta i fasteaksjonen med å samla inn pengar til KN.</p> <p>Aksjonen skal gjennomførast 19. mars kl. 16:30 og det er trøng for at tre personar frå soknerådet deltar som støtte for konfirmantane gjennom aksjonen.</p> <p>Følgjande personar skal delta frå soknerådet: Anne, Hildur, Bente, Sigrun Lønning Solvang. Frammøtetid for dei vaksne: KL.16.00.</p>
SR 43/24	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Saker frå sak SR 35/24:</p> <p>For å avgjera om kyrkjekaffe skal vera i kyrkja eller på soknehuset må leiar av kyrkjevertgruppa sjekka kva innhald det er i den aktuelle gudstenesta. (F.eks om gudstenesta er retta mot barn og unge og familiær. I slike høve bør kyrkjekaffe bli på soknehuset)</p>
SR 34/24	<p><b>Møtekritikk</b></p> <p>Det blei noko uro rundt opplæring av bruk av høgtalar mm i tilknyting til eit påfølgjande arrangement neste dag. Det blei påpeika at dette var uheldig for møtegjennomføringa.</p>

Sveio, 1.4.2024

Solfrid Lier Habbestad

-sekretær-